

Nynorsk

4

Kompetansemål:

- * Å lese ulike tekstar på nynorsk
 - * Å lytte til nynorske tekstar
 - * Å bruke dialekten din som utgangspunkt for å lære nynorsk
 - * Å skrive enkle tekstar på nynorsk
 - * Å bruke nynorsk ordliste
 - * Å bruke dei viktigaste reglane for bøyning av verb og substantiv
-



Me seier god natt framfor trappa

Side 127 i 8B

Me seier god natt framfor trappa.
Ho seier ho vil sjå meg i hus.
Der ho står og held sykkelen
ho har leidd heile vegen.
Eg går opp – og kjem ned att,
to lange gonger. Klemmer og
kyssar, smakar på hårtustane hennar, på
panna. – Veit du, eg trur du må vera
den kjekkaste jenta eg har treft
nokon gong, kviskrar eg.
– Du er ein av dei kjekkaste
gutane òg, pustar ho høflig. Så går eg
min veg – opp den breie trappa. Tredje
gongen eg byrjar å gå ned dit att,
bare ristar ho på hovudet.

Arnt Birkedal

Kilde: *For alt eg veit*, Det Norske Samlaget 1996

Nynorsk – eit språk du kjenner frå før

Side 128 i 8B

I mange år har du blitt kjend med nynorsk språk gjennom TV, radio, aviser, teikneseriar, songar og bøker. Nynorsk har vore ein naturleg del av kvardagen din. Om du ikkje har vore klar over det, har du fått mange kunnskapar om nynorsk gjennom alle desse åra. Når du no skal bli betre kjend med nynorsk, kan du nytte desse kunnskapane!

Dei fleste snakkar annleis enn dei skriv. Når dei snakkar, bruker dei ein eller annan dialekt, og når dei skriv, bruker dei nynorsk eller bokmål. Dialekten er altså eit munnleg språk, og nynorsk og bokmål er skriftlege språk. Det er ikkje så mange som skriv på nynorsk som på bokmål, men dei fleste snakkar på ein dialekt som liknar meir det nynorske skriftspråket enn bokmål.

- Kva heiter telefonkiosk på nynorsk?
- Ringebu ...
- Og akvarium?
- Fiskebolle.

Vesle Anne skulle for første gong på danseskoleball, og mora formante henne at ho endeleg måtte seie nokre hyggelege ord til alle gutane som dansa med henne. I den første valsen var Anne så uheldig å råke ut for ein gut som ikkje hadde det minste peiling på verken dansetrinn eller rytme, men vesle Anne sa likevel:

– Tusen takk for dansen. Du var veldig flink til å trække lett på tærne mine!

- Du er så hjulbeint at ein gris kan springe mellom beina dine.
- Ja, men så spring, da!

Sjefen til sekretæren sin:
– Bravo, frøken Karlsen, dette er det tidlegaste som De nokosinne har komme for seint!

Side 130 i 8B



Eg er

Ikkje barn
ikkje vaksen
ikkje dum
ikkje klok

Ung

Glatte drag i andletet
Ujamne, skiftande drag
i sinnet

Ikkje faste røter
men greiner overalt

Ungdom

Ragnhild Solem

Side 130 i 8B



Ord over grind

Du går fram til mi inste grind
og eg går òg fram til di.
Innanfor den er kvar av oss einsam,
og det skal vi alltid bli.

Aldri trenge seg lenger fram,
var lova som galdt oss to.
Anten vi møttest tidt eller sjeldan,
var møtet tillit og ro.

Står du der ikkje ein dag eg kjem
fell det meg lett å snu
når eg har stått litt og sett mot huset
og tenkt på at der bur du.
Så lenge eg veit du vil koma iblant
som no over knastrande grus
og smila glad når du ser meg stå her,
skal eg ha ein heim i mitt hus.

Halldis Moren Vesaas

Side 131 i 8B



Onitsura

Nattergal –
Når songen din er slutt
er du berre ein grøn fugl

Omsett av Paal-Helge Haugen

Side 131 i 8B



Shiki

I natt
gjekk ein mann framom,
spelande på fløyte.

Våren –

Omsett av Paal-Helge Haugen

Kilder:

Ragnhild Solem: «Eg er»:

Solheim/Hildrum: *Ung. Aschehougs litteraturserie for ungdom*,
Aschehoug 1988

Haldis Moren Vesaas: «Ord over grind»:

Lyriskboken, Den norske Bokklubben 1971

«Onitsura» og «Shiki»:

Blad frå ein austleg hage. Hundre haikudikt, Det Norske Samlaget 1965

Bruk dialekten din!

Side 132 i 8B

Dei fleste av oss bruker ei eller anna form for dialekt når vi snakkar. Det er få menneske som snakkar reint bokmål eller nynorsk slik vi finn det på trykk. Dialekten er eit lokalt kjenne-merke og fortel oftast noko om kvar folk bur i landet.

Du har kanskje tidlegare høyrte og lese om Ivar Aasen. Han var ein kjend diktar og språkforskar som hadde virket sitt på midten av 1800-talet. Han ønskte å lage eit nytt skriftspråk som bygde på ein del av dei norske dialektane og gammalnorsk. Vanlege folk hadde behov for å kjenne seg att i språket dei las og skreiv. Det dansk-norske skriftspråket som dei nytta på den tida, verka framandt og unaturleg for mange, og Aasen meinte derfor at det nye skriftspråket måtte byggje på dei ulike dialektane; det språket folk flest brukte i kvardagen. Det nye skriftspråket skulle vere ein fellesnemnar for dei ulike talemåla, og Aasen valde å kalle det «landsmaalet»: eit språk for heile landet. Først i 1929 vart landsmålet kalla *nynorsk*.

Når du no skal lære å skrive på nynorsk, kan du støtte deg til dialekten du bruker. Kanskje finn du ut at mange ord og bøyingsendingar i nynorsk liknar på ord og bøyingsendingar i talemålet ditt. Dermed blir det lettare for deg å lære å skrive nynorsk. La oss gjere eit eksperiment. Les teksten på bokmål nedanfor:

I går ventet vi en halv time før fotballkampen startet. Publikum var utålmodige og skrek og hoiet på sidelinjen. Dommeren var også for sen. Men så blåste det i fløyta! Vi fikk skoene på bena og kastet oss ut i kampen. Gro sparket det hun maktet, og ballen føk i mål. Vi vant!

Samanlikn teksten på bokmål med same teksten på nynorsk nedanfor:

I går venta vi ein halv time før fotballkampen starta. Publikum var utolmodige og skreik og hoia på sidelinja. Dommaren var også for sein. Men så bles det i fløyta! Vi fekk skoa på beina og kasta oss ut i kampen. Gro sparka det ho makta, og ballen fauk i mål. Vi vann!

Side 133 i 8B



Vise for gærne jinter

Oppå Lauvåsen veks det jordbær
fine jordbær,
raue jordbær,
hele væla er bære jordbær,
finn et strå og trø dom på ...

Men ett er for gammalt, det ska få stå.
Ett er for grønt, det går vi ifrå,
men æille andre ska vi ta med hematt
og leve lykkelig med sukker på ...

Oppå Lauvåsen veks det gutter
fine gutter,
lange gutter,
hele væla er bære gutter,
finn et strå og trø dom på ...

En er for gammal, hæn ska få stå.
En er for ung, hæn går vi ifrå,
men æille andre ska vi ta med hematt
og leve lykkelig med sukker på.

Oppå Lauvåsen veks det minner,
gode minner,
gærne minner,
hele væla er bære minner,
finn et strå og trø dom på ...

Ett er for gammalt, det ska få stå.
Ett er for nytt, det går vi ifrå,
men æille andre ska vi ta med hematt
og leve lykkelig med sukker på.

Alf Prøysen

Side 134 i 8B

Sommardag

Det var sommardag med gull i
og ein himmel nymalt blå
dagen skulle vara evig
natta var langt borte enno
med si dunkle kappe på

Han stod breibeint ned ved vegen
spikka på ein seljekvist
ho kom brun og fager mot han
dansande som sønnavinden
med magi og kvinnelist

Ord stod dirrande i lufta
tanken gjorde bukkesprang
sola flaut som smelta honning
over ho og han der nede
i ein dag så evig lang

Men så høyrde han ei stemme
verda skrumpa inn med eitt
blei ein vanleg dag ein sommar
utan prinsar og prinsesser
utan pensel og palett

Ikkje gå, ho kviskra til han
ingen finner oss her no
vi kan bli her til i morgon
natta kjem ikkje enno
men han sa det er best eg går

Han blei åtte år til hausten
eigde nesten verda sjølv
men bak juni-dagens trollslør
trengte mor si stemme gjennom;
kom heim, no er det kveld

Solfrid Sivertsen

Kilder:

Alf Prøysen: «Vise for gærne jinter»:
Samlede viser og vers, Tiden 1975

Solfrid Sivertsen: «Sommardag»:
Norsk visebok, Aventura 1993

Nynorsk og bokmål

Side 135 i 8B

Nynorsk og bokmål har vorte meir lik kvarandre det siste hundreåret. Politikarar har sett ned komitear av språkfolk som har utarbeidd rettskrivingsreformer. Fleire ord og bøyingsendingar har vorte felles for begge dei offisielle skriftspråka. På bokmål kan du til dømes skrive *en* eller *ei* jente, *ben* eller *bein*, *snakket* eller *snakka*. På nynorsk kan du mellom anna velje mellom *høyre* og *høre*, *lesa* og *lese*.

Gode råd

Her er fire gode råd når du skal lære å skrive nynorsk:

- 1** Les ofte og skriv ofte tekstar på nynorsk. Di meir du les og skriv, di betre blir du i nynorsk. Du kan også lytte til songar med nynorske tekstar og program på TV og i radio.
- 2** Bruk dialekten din! Når du lurar på korleis eit ord eller ei setning skal skrivast på nynorsk, kan ofte dialekten din gi svaret. Når det gjeld setninga *Jeg kastet ballen*, vil mange seie *Jeg/eg kasta ballen*. Forma *kasta* skal du bruke på nynorsk. Hugs at det er dialekten din som er utgangspunktet for alt du skriv. Difor er det så mange valfrie former i nynorsk. Du kan velje ei form som liknar på den forma du bruker når du snakkar.
- 3** Lær deg grunnreglane i grammatikken. Da slepp du å slå opp i ordlista heile tida. Dersom du skal ha ei prøve, kan du skrive desse reglane med eksempel inn i regelboka di og ta ho med på prøva.
- 4** Lær deg å bruke ordlista. Her finn du det meste du treng å vite om rettskriving, bøying og val av nynorske ord. Du får også lov til å bruke ordlista på eksamen. Hugs at ordlista har ein minigrammatikk. Bak i ordlista står ei tilleggsliste der du finn kva ulike bokmålsord heiter på nynorsk.



Mari Engeland: Ungdom

Side 135 i 8B

UNGDOM. DET ER livsglede, høgtalaranlegg, fartsleik på vegane, motar, festar, rockemusikk, pengeforbruk og glad latter. Ja, slik stemplar ein norsk ungdom. Ungdom er ein einsarta masse som ikkje bryr seg om noko anna enn moro.

Men kva med meg, då? Og Kari og Per og Ola? Ingen av oss er slik. Og heller ikkje Mette eller Klara eller Lars. Me er ikkje ungdom. Me er *menneske!* Og alle er me så heilt forskjellige. Eg tykkjer det er gale å seia at ungdomen no til dags er slik og slik. For eg trur at alle føler seg annleis, ingen føler seg slik alle er.

Kvart menneske har noko originalt inne i seg som ingen andre har, noko fint noko som kjenneteiknar berre det. Me er alle spesielle. Kvar og ein av oss er eit under.

Berre tenk på kor mykje me kan oppfatta på ein gong!
No medan eg sit og skriv, følgjer eg blyanten med augo. Frå kjøkkenet strøymer middagsduft; far kjem snart heim frå jobb. Bror min gnikkar på fela si nede i kjellaren. Eg hoppar litt til. Der var ein sur tone. Eg tygg grunnande på eit friskt og saftig eple, og alt saman gjer eg utan å tenkja meg om.

Eg er ingen ungdom, eg er Mari med rulle-r, raud fjellanorakk, tverrfløyte og skrivedille (av og til).

Me blir pressa inn i mønsteret som – kven? – lagar, og skjuler den me er, bak fellesnemninga ungdom. Eg-et får berre lura seg fram nokre minutt før me sovnar. Ei venninne av meg skreiv desse orda: «Alle trur at eg er meg. Men det er fordi dei ikkje veit kven eg er!» ■

Kilde:

Solheim/Hildrum: *Ung. Aschehougs litteraturserie for ungdom*,
Aschehoug 1988

Å vere annleis



Ingvil Giske: Toleranse?

Side 136 i 8B

Teksten er skriven av ein ungdom.

DET VAR SÅ vidt ein kunne sjå den blå himmelen og morgonsola som skein svakt gjennom sprekkane i gardinene. Men ein kunne likevel sjå at den første skuledagen dette året ville bli ein fin dag.

Ho strekte seg heilt ut i senga og såg seg rundt i det vesle rommet. Det var herleg å sove i si eiga seng att. Ho hadde ikkje sove der i heile sommar, i over to månader hadde ho vore hos bestemora i Gudbrandsdalen. Det hadde ikkje vore så aller verst der, men likevel var det ikkje noko som var som heime.

Blikket fall på klokka, og ho fann ut at ho enno hadde god tid. Likevel så hoppa ho ut av senga. Ho kvapp til då ho såg seg sjølv i spegelen. Men så smilte ho, eit varmt smil som spreidde seg til auga og fekk dei til å gnistre.

Det var FØR det at ho hadde vore tjukk, det var FØR ho hadde stygt hår, og det var FØR ho hadde kviser. NO var ho berre litt lubben, og kvisene var nesten vekke. Og håret var klipt i ein kort, moderne frisyre. NO var ho nesten «bra».

Ikkje nokon frå skulen hadde sett henne enno, så ho gledde seg faktisk til å byrje att. Heile sommaren hadde ho streva med jogging og sunt kosthald. Det hadde vore eit slit, men det var vel verdt det. Ho børsta håret og kviskra til seg sjølv: «I dag vert alt annleis, ikkje noko skal vere som før.» På veg til skulen spegla ho seg heile tida i butikkvindauga. Ho følte seg ikkje heilt vel i dei nye kleda ho hadde kjøpt. Då ho såg den gamle gjengen frå klassa stå i eit hjørne av skuleplassen og prate ivrig om sommarens opplevingar, drog ho handa nervøst gjennom håret og gjekk litt saktare. Stemmene surra rundt i hovudet på

henne. Og ho gjekk nokre skritt til. Ein eller annan hadde visst lagt merke til henne, og med eitt var alle blikka retta mot henne. Dei såg på kvarandre med forundra blikk. Men litt etter litt byrja dei å flire. Til slutt flirte alle saman. Ho vart stiv i heile kroppen og stod heilt stille til det ringde inn, då gjekk ho sakte inn i klasserommet.

Ho sat bakarst ved vindaugget som vanleg, og tankane hennar dreia seg om noko heilt anna enn det læraren snakka om.

«Kva meiner du om tilstanden i Sør-Afrika?» Stemma til læraren braut inn i dagdraumane hennar. Ho merka at ho vart raud. «Neei.» Ho drog på det. «Eg veit ikkje, eg,» sa ho litt usikkert. Læraren såg forakteleg på henne og rista på hovudet. «Veit ikkje,» herma han. Enkelte drog på smilebanda og smålo. Men litt etter var diskusjonen i gang att. Ho kjende korleis tårene pressa på bak augelokka. Dette her var søren så urettvist. Her sat dei og snakka så fint om fred og toleranse. Det var litt av ein toleranse! Dei greidde ikkje eingong å tolerere henne. Nei, no greidde ho ikkje meir. Ho måtte ut, og vekk frå denne falskheita.

Blikka svei i ryggen då ho sprang mot døra og reiv henne opp. No sila tårene fritt nedover kinna, men ho berre sprang vidare. Ho stoppa ikkje før ho var komen til brua. Det var ikkje så stor trafikk der på denne tida. Ho la seg over rekkverket og stirde ned i vatnet som fossa forbi. Det var sikkert ein 4–5 meter heilt ned. Tru korleis det vil vere å dette ned i dette brusande vatnet. Ville ho døy fort, tru? Kanskje ho ville slå hovudet mot ein stein. Kvar sommar vart ein uforsiktig turist drepent her. Så det var farleg, det visste ho. Nei, tanken skremde henne. Ho torde ikkje. Ho var for feig. Ikkje eingong dette kunne ho greie. Ho følte seg mislykka.

Litt seinare gjekk ho med bøygd hovud heimover. ■

Ordforklaring

toleranse: her: tolsemnd overfor andres syn og framferd



Erna Osland: Veslebror og Karlson

Side 139 i 8B

KVAR KVELD MÅ han be om tilgiving. «Kjære Gud, eg skal aldri ...»

Men først kjem mora inn og breier på han, kvar kveld. For så å vende seg til Karl. Hos *Karl* sett ho seg ned, enda det ikkje er *han* som er minst, enda det ikkje er *han* som er veslebror. Karl er storebror, og likevel er det han mor deira sett seg ned hos. «God natt, Karl,» kviskrar ho og klemmer og stryk han. «God natt med deg, vesle røvar.» Og da smiler Karl, for er det noe han liker, så er det å vere røvar. Han smiler og viftar med armene som er altfor lange, også etter at han har lagt seg. Han smiler og veiver mot mora så ho må gripe hendene hans, som er like store som hennes. Ho fører dei mot kvarandre, faldar dei inne i sine. Kvar kveld. «Kjære Gud eg har det godt, takk for alt som eg har fått, du er god, du ...» ber ho med Karl sine hender klemde til ro i sine egne.

Kvar gong ho kjem til *god*, stansar ho litt før ho skjelv seg vidare i kveldsbønna. Karl merkar det. Han ventar på det, for han smiler straks mora begynner å skjelve. Og stansar ho litt for lenge, hiv han hovudet bakover og ler. Han ler og ler. Mens mora gjør som ho ikkje hører det.

Men – ho hører det!

For resten av bønna roper ho ut, for å overvinne latteren til Karl. «... kjære Gud, gå aldri frå meg.»

Enda ein gong breier ho dyna kring Karl. Så stryk ho han over leppene for å få han til å slutte å flire. Først når han er heilt stille, reiser ho seg.

– Vekk meg, er du snill, om han blir urolig, sukker ho ut i mørkret, mot den andre senga, Veslebror si.

Så går ho.

Da først er det tid for Veslebror si bønn. Kvar kveld, ut i mørkret, stille så ikkje Karl skal høre det, stille så han ikkje får le. «Kjære Gud, eg skal aldri, aldri ...»

Endeleg sovnar han.

Men utpå natta vaknar han. Av skarpe, farlege lydar. Vindaugslydar!

Han rykker seg ut av søvnen, tvingar seg til å sjå i mørkret.

Karl er kommen ut av senga! Han står framfor vindauga med dei store, sterke hendene sine. Han vrir på haspene, han rykker i bandet som mor deira har sett på, vrir og slit og vrenger. *Så* hardt har ho knytt at ho ikkje sjølv får det opp. Men Karl, han greier det! Han rykker bandet av, slit det i filler. Og flirer.

På ein-to-tre er Veslebror ute av senga, hovudet er framleis fullt av drømmar, men han har sett og hørt det som mor hans er reddare for enn noe anna, så han spring alt han kan, mot soveromsdøra hennes, spring så ønsket hans ikkje skal gå i oppfylling.

– Mamma, du må komme, roper han mens han hiv opp døra,
– Karl er vakna, han vil opne vindauga, han vil ut på taket igjen!

Mora kastar dyna av seg, styrtar gjennom gangen. Inn til Karl, inn til Karl! Ho roper ikkje, for ho veit at det får Karl til å skynde seg enda meir. Nei, ho roper ikkje, ho styrtar lydlaust gjennom gangen og grip Karl akkurat idet han skal stige ut av vindauga, ut på taket.

- Men Karl, kviskrar ho og klemmer han inntil seg, – du skulle jo sove i senga di.
- Måne, roper Karl og kastar det runde hovudet sitt bakover i eit veldig smil mot den svarte himmelen, – måne!

Mora trekker han inn i rommet, stryk han, lokkar han med den varme munnen sin mot øra som virrar hit og dit.

- Himmel, flirer Karl og dunkar på mora sin rygg med store, knyttte hender, – himmel!

Mora fører Karl tilbake til senga. Veslebror stenger vindauga. Bandet kan han ikkje knyte, det er heilt *traspá*. Mor hans må finne eit nytt, tjukkare denne gongen. Rundt og rundt haspene virrar ho det, mens ho ser ut i den svarte natta. Det er ingen måne der, bare svarte tak, tak etter tak utfor kvistvindauga. Ho skjelv igjen nå, det kan Veslebror kjenne der han står ved sida av henne, ho skjelv og skjelv.

- Eg skal passe på han, eg skal komme med ein gong, seier Veslebror og fører handa så vidt bort på den glatte olbogen hennes. Ingen har så mjuk mor som han, så mjuk, så varm! Han skulle like å ligge inntil henne, litt, bare bitte litt, om kvelden. Men mora vil ikkje ha han opp i senga. «I senga,» seier ho, «må eg i alle fall få vere meg sjølv. Og dessutan må jo du passe på Karl!» Så Veslebror gjør det, heile natta, heile tida. Bare av og til når han ligg vaken og ikkje får sove av Karl sine lydar, prøver han å gå på do for å sjå om det hjelper. Og da – mens han er ute i gangen, kan han høre lydane frå mora sitt rom, frå senga der ho er seg sjølv.

Men nå er mora altså her. Ho har sett seg opp i senga til Karl, held han inntil seg, stryk han over håret, voggar han, ysj, ysj, ysj, for å få han til å slutte å flire.

Veslebror må snu seg bort. Han ønskjer så veldig å bli halden slik. Ååå – han må gjømmе seg, krype langt innunder dyna!

– Klart det, svarer han der inne frå mørkret da mora endelig reiser seg og seier at han må vere så snill å komme inn og varsku henne så snart Karl blir urolig igjen.

Men Karl blir ikkje urolig. Han sovnar. Det er Veslebror som ikkje får sove. Han må tisse, og stansar utfor soveromsdøra til mora.

Jo, der er dei igjen, hiksta! Kor kjem dei frå? Frå store, mørke hol? Kan ei mor som er så god og varm, ha store, svarte hol inni seg? Det passar ikkje, synest Veslebror, han blir redd av det, han trur han aldri meir skal våge å sove, aldri.

Men han sovnar. Like før det blir lyst. Langt innunder dyna. Og derfor hører han ikkje dei farlige lydane og den lure latteren til Karl.

Eller gjør han?

Han prøver å hugse det. Etterpå – da han står med mora nede på gata, prøver han å komme på det.

Hørte han ikkje lyden av vindauga som gikk opp? Hørte han ikkje at Karl lo? undrast Veslebror der nede på det mørke fortauet mellom husa.

Det er akkurat som han ser Karl stige ut av vindauga, det er akkurat som han ser storebror sin balansere bortover det spisse taket. Dei lange armane heng rett ned. Karl strekker dei ikkje ut, han er ikkje redd. Han går og går. Himmelen er rundt han på alle kantar, så tett, så nær. Han, den store broren, spaserer så trygt bortover tak etter tak, mens han blir mindre og mindre, heilt stille.

– Men Veslebror, hørte du det ikkje? hører han mora kviskre der ho sitt og krøker seg over Karl som ligg på den våte, svarte asfalten, – hørte du ikkje at Karl var kommen bort til vindauga?

Han som er veslebror og skulle passe på, ristar på hovudet til svar.

Da – endeleg – tar ho han inntil seg, inn i nattkjolen som er så tynn, så tynn, inn i all skjelvinga si.

– Nei, hikstar han inn mot henne som er mjukare enn noe han veit om, – alt var så stille, heilt stille.

Det kjem folk til. Også dei er stille. Dei spør ikkje, dei bare ser, ser den store broren som ligg der, som ein fugl med vengene ut, lange armar ut til sida. Ut av øret silar det blod, men han kjenner det ikkje, han har ikkje vondt, han ligg heilt rolig og smiler. Mora stryk over leppene hans, så tar ho hendene hans i sine, held dei fast, fast. «Kjære Gud, eg har det godt, takk for alt som eg har fått. Du er god, du ...»

Etterpå er det tid for Veslebrors bønn. Nesten lydlaust, som eit hikst bare, frå det store, svarte han har inni seg. «Kjære Gud ...» ■

Ordforklaring

traspa: opptrevla, utslitt

Kilder:

Ingvil Giske: «Toleranse?»:

Solheim/Hildrum: *Ung. Aschehougs litteraturserie for ungdom*,
Aschehoug 1988

Erna Osland: «Veslebror og Karlson»:

Heltane er mette og andre noveller for ungdom, Det Norske Samlaget 1996

☞ Les vitsane på side 142 i 8B.

Å vere framand



Helga Gunerius Eriksen: Ein annleis dag

Side 143 i 8B

FØRST TRUDDE EG krigen var komen hit også. Tidleg om morgonen hørde eg kanonskot, fleire etter einannan. Eg gøymde meg under dyna og bad ei bøn om at det ikkje måtte vere sant. Krigen kunne ikkje kome så brått til dette fredelege landet, han kunne ikkje følgje etter meg på denne måten.

Eg veit godt at det ikkje nyttar å gøyme seg under ei dyne for ein krig. Kjem krigen hit, må eg flykte att. Eg stod opp og kledde på meg i ein fart.

Det var stilt no. Eg våga meg til vindauget og såg ut på gata. Alt var fredeleg. Ingen springande soldatar med gevær, ingen mødrer med barn på armen hasta nedover gata for å gøyme seg i kjellarar og portrom. Ingen ropte og skreik, ingen låg blødande på asfalten og vreid seg i smerte. Alt var som vanleg, ingenting var som heime.

Eg drakk litt av det gode vatnet du kan drikke rett frå springen. Så tok eg ei skive av det merkelege, grove brødet som ikkje liknar noko av det eg er van med heimefrå. Eg tok brødiskiva i handa og lista meg ned trappa.

Nede ved gatedøra kika eg til høgre og venstre. Ein familie med barn kom gåande langs fortauet på den andre sida av gata. Dei såg glade ut og lo til kvarandre. Fleire folk i fine klede gjekk i flokk lenger nede. Ingenting tydde på at krigen var komen.

Eg gjekk ut. Eg brukar alltid å stå tidleg opp og gå ut, også etter at eg kom til dette landet. På denne tida av året er her så lyst om natta at det er vanskeleg å sove uansett.

Eg likar å rusle omkring i gatene i denne vesle byen tidleg om morgonen. Vanlegvis er her ikkje så mange folk ute og går på denne tida. Heime er alle gateseljarane i full sving med bord og buer med det same sola står opp. I alle fall var det slik før krigen kom. No er det vanskeleg å finne noko å selje, og gatene er okkuperte av menn med våpen, krigskøyretøy og sperringar.

Her møter eg berre ein og annan som ventar på ein buss eller hastar av stad på sykkel eller til fots, og dei som skundar seg til jobb i bilane sine. Mest alle har bil her i landet, alle er rike, og butikkane sine har dei innadørs. Kanskje ikke så rart når ein tenkjer på kor kaldt det er om vinteren.

Vanlegvis ser desse folka trøytt ut om morgonen, men denne dagen var det annleis. Då eg gjekk inn mot sentrum, krydde gatene av vakne, opplagde menneske. Dei såg festkledd ut, og det var ingen som såg ut til å ha hastverk for å kome seg på arbeid, endå det var kvardag. Mange hadde vide, kvite skjorte-ermar som skein i sola.

For ein gongs skuld var det sol. Var menneska ute for å feire sola etter vekevis med regnvêr? Eg la for første gong merke til at alle dei små parkane og grøne flekkane i byen var fulle av vakre blomar i mange fargar. Eg hadde ikkje sett det før i alt gråvêret, for det er så mykje fleire blomar overalt heime.

Til denne dag hadde eg sett på byen som grå og trist og kanskje litt folketom. Eg veit godt at det er ein liten by i eit land med berre nokre få millionar innbyggjarar, eit land med plass nok til mange fleire. Men her er så kaldt og vått at det er forståeleg at folk flest held seg innadørs det meste av tida. Det er ikkje så merkeleg som det kan høyrast ut at byen er litt folketom endå om her har vore fred i femti år.

Men denne dagen var alt annleis. Sola skein, lufta var utruleg klår, og alle var ute og gjekk utan bilane sine frå tidleg om morgonen.

Eg veit korleis flagget her i landet ser ut, og mange av barna hadde små flagg i hendene. Utover føremiddagen samla folk seg på den store plassen midt i byen. Der var mange musikantar med uniformer, men dei såg ikkje militære ut. Flokkar av ungdom som ikkje hadde kvite skjorteermer, hadde heilt raude eller blå klede. Folk kledde seg i fargane frå flagget, og dei samla seg i eit langt tog gjennom gatene. Dei ropte og ropte eit ord eg ikkje kjente: HURRA! HURRA!

Eg lurte på om det kunne tyde FRED! FRED! og om det lange toget med musikk og flagg var eit demonstrasjonstog mot ei trugande stormakt. Dette var ein merkeleg måte å møte ein krig på, tenkte eg. Alle gjekk ut i gatene med flagg i staden for å gøyme seg i kjellarane med ullteppe. Eg skalv for ein slik tanke, men eg trøysta meg med at det ikkje var kanonar frå ein angripar eg hadde høyrtd tidleg om morgonen, men salutt for sola. Alle såg altfor glade ut til å gå i eit demonstrasjonstog mot ein okkupant. Då ville dei ha vore rasande og redde heller enn smilande og glade.

Eg følgde med det lange toget gjennom gatene. Mange folk stod langs fortauet og ropte og vinka. HURRA! HURRA!

Etter ei lang vandring gjennom sentrum samla folk seg på den opne plassen ved vatnet midt i byen. Der var sett opp eit stort treskip, og på dekket av skipet var det menn og kvinner som snakka til folket i mikrofon. Der var også musikk, og der var pynta med lauv frå trea. Eg vart meir og meir sikkert på at det var ein solfest, for lauvtre har stått nakne heile vinteren, men no byrjar det endeleg å bli grønt i trekronene.

I utkanten av den store plassen var det mengder av salsbuer, nesten som heime i fredstid. Dei selde pølser og iskrem og ballongar, det verka som butikkane også feira sola. Kanskje dette landet vert heilt annleis i den varme årstida, tenkte eg. Kanskje kjem det til å likne litt meir på heime når sola vinn over snøen og regnet.

Eg kjende meg ikkje så framand lenger. Dette var ein annleis dag i eit annleis land, og eg tenkte eg ville kjøpe meg eit lite flagg slik dei andre hadde.

Eg gjekk bort til ei av dei små buene, fann fram pengane mine og peika. Då eg stod der med det raude, kvite og blå flagget i handa, hende det noko som fekk denne dagen til likevel å bli som alle andre dagar for meg.

Eg forstod ikkje kva den unge guten sa, men eg forstod kva han meinte då han reiv flagget ut or hendene mine og spytta meg i andletet. Han oppførte seg mot meg som vi heime oppfører oss mot dei som undertrykker oss, okkuperer landet vårt og drep barna og soldatane våre. Med eitt var eg like framand som før i den strålende sola. HURRA! HURRA! ■

Kilde:

Caps og andre noveller for ungdom, Det Norske Samlaget 1994

Naturskildring



Arne Mo: Avdrift (utdrag)

Side 146 i 8B

I IVEREN ETTER dei tettaste klyngene med sel hadde dei to fangstmennene forvilla seg heilt ut i kanten av drivisbeltet. Lenger og lengre bort frå skuta. Dei oppdaga det ikkje før dei siste dyra i klynga var flådde, og dei retta ryggen for å sjå etter dei andre. Men folket var spreidde for alle vindar, og skuta var langt av lei. Berre svakt kunne dei høyre maskinduren, der skipperen baua seg fram mellom flaka for å plukke opp folket og dagens fangst. Lanternene lyste spinkelt i tussmørket, som hadde sige umerkeleg på. Nokre lette snøfjom kom flagrande gjennom lufta. Det tjukna til med mørke skyer frå nord.

Dei to karane tørka blodet av knivane på dei nyflådde, dampande skinna. Den eldste av dei kunne vere omkring femti, den andre kanskje halvparten. Begge hadde skjegg, kvitrima av frosen ande. Dei kneip saman augene mot den skarpe vinden. Snøvêret nærma seg raskt. Raskare enn dei likte. Femti meter lenger ute gjekk sjøen allereie kvit. Det knaka illevarslande i isen. Den eldste av dei, veteranen Halvor Eliassen, banna mørkt:

– Me må kome oss om bord att! Den jævla vinden har dreia. Eg trur isen er i bevegelse.

[...] ■

Kilde:

Caps og andre noveller for ungdom, Det Norske Samlaget 1994

Sterke meiningar!

Side 147 i 8B

Det er mange som har sterke meiningar om nynorsk og bokmål. Nedanfor kan du lese eit heftig innlegg på *firda.no* der skribenten hevdar at Dagbladet og VG forbyr journalistar å bruke nynorsk. Etterpå kjem to ulike svar på dette innlegget.

Slepp nynorsken til i VG og Dagbladet!

Publisert : 23.07.2005 – 12.30

Oppdatert: 23.07.2005 – 12.30

Tabloidavisene Dagbladet og VG forbyr journalistar å bruke nynorsk. Det er på tide at riksavisene vert medvitne det ansvaret dei har for språkstoda i Noreg. Korleis kan dei kalle seg riksaviser medan dei stenger ute eit av dei offisielle skriftspråka? Det kan vi ikkje akseptere. Eg vil oppmode alle om å skrive under på underskriftsaksjonen. Gå inn på <http://www.nm.no/sleppnynorskentil/>

Her det berre å fylle ut. Over 28 000 personar har hittil skrive under.

Sigbjørn L T

Ingen framtid ...

Publisert : 23.07.2005 – 18.21

Oppdatert: 23.07.2005 – 18.21

Nynorsken har ingen framtid i Norge, og jeg spår at nynorsk om kort tid vil være fjernet fra norsk skole, undervisning og medier. Dagbladet og VG er i utgangspunktet østlandsaviser, og det er bestemt at avisene skal skrives på bokmål, som har vært avisenes skriftspråk i all den tid. Det er bare rett og rimelig at de kan stille et slikt krav, og også at deres ansatte skal skrive på bokmål. Mener du at det skulle kommet ut VG og Dagbladet i begge målformer? I så fall hadde det verken vært økonomi eller grunnlag for det. Slike krampaktige utspill du kommer med, er bare med på å fortelle oss at nynorsken sliter og har ingen framtid. Hvorfor bruker NRK tusenvis av kroner på et nynorsk mediesenter, når det i realiteten er et dødfødt prosjekt?? Nei, nynorsken dør sakte ut, og bokmål tar til slutt over – face it!

Så kjem det fleire svarinnlegg på denne nettsida som handlar om at alle har ein dialekt, og at dialekten står nærmare nynorsk enn bokmål. Det er sjølv sagt ikkje alle debattantane einige i. Nedanfor kan du lese eit av innlegga.

Til orientering ...

Publisert : 24.07.2005 – 15.09

Oppdatert: 24.07.2005 – 15.09

For det første vil eg berre seie at eg syns det er løye at alle fokuserer so mykje på kem som snakkar dialekt ... ALLE snakkar dialekt. Både dei som snakkar nynorsk og bokmål. Spesielt dei som snakkar bokmål, meiner at dei ikkje snakkar dialekt; at det er berre oss med nynorsk som gjer det. Det er utruleg gøy å høyre på folk som seier sånt! Ingen snakkar heilt etter boka, alle har sine ord og uttrykk etter kvar dei kjem frå, eller er lærde opp i = dialekt. For det andre syns eg at «nynorsk» er eit feil namn for språket vi har. Det er jo basert på alle slags dialektar i heile Noreg, dvs. det gamle vi hadde. Bokmål burde eigentleg heite nynorsk. For det tredje må eg berre få seie at folk med bokmål som språk ofte gjer seg dummare enn dei er ... (Hva betyr dette, da? Jeg forstår ikke hva han/hun sier ...) Hmm ... Kanskje nynorsken burde bli obligatorisk, slik at alle stakkarane kan forstå det eigentlege norske språket. (Gjeld ikkje for alle sjølv sagt, kjenner mange med bokmål som GODT forstår kva vi seier. Heldigvis er det håp.) «Grunne sjøar og grunne sandar, det er grunt i hugen hjå mange. Ikkje alle stader du jamnkloke finn, all stad er det bae slagi.» – Håvamål.

PS: Faktisk snakkar dei også dialekt i England influert av nynorsk (norrønt).

Ordforklaringer

obligatorisk: tvungen

båe slagi: begge slag

hug: sinn

å influere: å påverke

Ordtak og fablar

Side 150 i 8B

Dei fleste bruker i ny og ne ordtak som inneheld ein leveregel eller eit visdomsord. Nedanfor kan du sjå korleis ein del kjende ordtak byrjar:

Betre seint ...

Når katten er borte, ...

Morgonstund har ...

Eplet fell ikkje ...

Han som inkje vågar, ...

Like barn ...

Når enden er god, ...

Sel ikkje skinnet ...

Ei ulykke kjem ...

Gammal vane ...



Løva og musa

Side 150 i 8B

EIN GONG LØVA låg og tok seg ein lur, kom ei lita mus springande tvers over snuten hennar. Løva vakna og slo kloa i den vesle syndaren. Musa, stakkar, bad for seg så godt ho kunne, og til slutt sa ho: «Lèt du meg sleppe bort, skal eg nok løne deg for det ein annan gong.»

Da lo løva, men ho lét musa gå.

Ikkje lenge etter hende det seg at nokre jegerar fanga løva. Dei surra føtene fast med eit sterkt tau, og der låg ho på marka og kunne ikkje røre seg.

Den vesle musa hørde at løva brølte, ho sprang til så snøgt ho vann, og med dei kvasse tennene sine gnog ho sund tauet, så løva slapp fri.

«Der ser du,» sa ho. «Du lo av meg da eg sa eg skulle hjelpe deg att, men no tenkjer eg du er glad for hjelpa.» ■

Ordforklaring

fabel: kort, moraliserande forteljing der dyr, plantar eller ting handlar som menneske

Kilde:

Sjangerskriveboka 2. Skjønnlitterære sjangrer, Aschehoug 1994

Å vere ung



Finn Øglænd: Skogsduer (utdrag)

Side 151 i 8B

NÅ GÅR DET ikkje lenger. Eg reiser nå. Eg knuser ei rute på kammerset når eg smeller att vindauga. Det var ikkje meininga. Mor søv. Eg vekker ikkje mor. Ho har ete tablettar og har proppar i øyra. Ho tåler ikkje at eg står opp og tissar heile tida. Eg har ikkje noko å seie til mor. Eg legg ikkje att nokon lapp. Eg berre pakkar sekken og dreg. Eg fylte seksten år på fredag, eg er vaksen og kan klare meg sjølv. Det er vår, klokka er sju om morgonen. Mor kjem ikkje til å vakne før tidlegast elleve.

Det er rart å gå utan å sjå seg tilbake. Lufta er underleg blå, og det luktar godt, det kjennest ganske bra å gå her på vegen. Eg ropar litt til ein kalv som står og beiter, den kjem bort til meg og rautar, trur den skal få noko å drikke, men det er mor som må stelle i fjøset nå. Far er død, og mor har selt nesten alle dyra, men det er nokre kalvar og ungdyr att, og nokre sauer, og til neste år får ho pensjon.

Eg kjenner meg nokså lett, nesten levande, dongeribuksa heng litt slapt rundt meg, men eg kjenner meg levande, flanellsskjorta heng utanpå buksa, eg kjenner meg nesten levande, har lyst å dra ut og leve og ikkje gjere noko anna, eg stal sparepengane til mor, det er det sikkert straff for, men ingen kjem til å finne meg, og kva skal dei gjere med meg? Eg kan jo seie til mor at det er arven min, arven etter far, når mor er så dum å oppbevare så mange tusen i skapet, ho veit ikkje at eg veit kor nøkkelen ligg, men det har eg visst sidan eg var lita. Eg har berre ikkje hatt bruk for å ta pengar, ikkje før nå. Det er ikkje for å leve i overflod, men for å ha til det daglege, mor vil skjøne det om ho tenkjer etter, men ho vil berre vere redd for at eg er saman

med folk som røykjer narkotika, akkurat som eg er interessert i narkotika! – og eg veit koss ein blir med barn, så det treng ho ikkje å mase om.

[...] ■

Kilde:

Caps og andre noveller for ungdom, Det Norske Samlaget 1994